



Meland kommune

Atle Markussen
Ellerhusens vei 12
5043 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2141 - 19/24083

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

22.11.2019

Varsel om filler i septiktank - GBNR. 51/48

Saka gjeld

Meland kommune har den 01.11.2019 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om framandelement i septiktanken på egedommen din med gnr. 51 og bnr. 48.

Grunngjeving for varselet

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «(l)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Norva24 Vest opplyser at det ved siste tømning 31.10.2019 blei oppdaga store mengder med filler i septiktanken. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen påleggje den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, oppmodar me deg til å ikkje kaste filler el. lignande i sanitærutstyr. Dersom dette fortset, vil framtidig tømning av tanken bli ein ekstra, unødvendig kostnad for deg.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Med helsing

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Norva24 AS Avd Dalsøyra

Grandevegen 10 6783

STRYN

Mottakere:

Atle Markussen

Ellerhusens vei 12 5043

BERGEN